

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
613.1	Knut Øyjordet	04.03.21	2/21

## OPPLEGGET FOR SMÅVILTJAKTA

### Saksdokument:

1. Sak 41/20 i fjellstyret med saksdokument.
2. Brev fra fjellstyret av 15.12.20 til Vågå JFF v/Bjørn André Lusæter.
3. Brev fra fjellstyret av 05.01.21 til kommunen.
4. Brev fra fjellstyret av 15.12.20 til Vågå JFF v/Bjørn André Lusæter.
5. Brev fra kommunen av 16.02.21 til fjellstyret. Høyningsuttale.
6. E-post fra Vågå JFF av 19.02.21 til fjellstyret. Høyningsuttale.
7. Diverse e-postar fra utanbygds jegerar utan hund (er kopiert opp og vedlagt saka).

### Saksutgreiing:

Det vart tatt ein gjennomgang av opplegget for småviltjakta på førre møte i sak 41/20, og fjellstyret fatta følgande vedtak:

*For småviltjaktopplegget i Langmorkje statsallmenning meiner fjellstyret generelt at det må leggjast til rette for eit variert og godt tilbod om småviltjakt, både når det gjeld tilbod om kort og jakttid på dei ulike artane. Sidan det for enkelte artar kan vera store årlege variasjonar i produksjonen og dermed bestandsstørleik, slik som lirype og fjellrype, er det viktig for fjellstyret med ei kunnskapsbasert forvaltning basert på fakta om bestandsstørleik i området til kvar tid, og eventuelt innføre ekstra reguleringar i år med låg produksjon.*

Fjellstyret foreslår følgjande opplegg for småviltjakta i Langmorkje statsallmenning frå 2021 og inntil vidare:

1. *Jakttid og korttypar for innanbygds jegerar med og utan hund blir som tidlegare, dvs. fritt kortsal og med jakttid 15.09 – ut februar for dei utan hund og 15.09 – 23.12 for dei med hund.*
2. *For innanbygds med harehund, blir det vidareført det frie kortsaledet i tida 15.09 – 24.09 og i tida 01.10 – ut februar.*
3. *Med bakgrunn i auke av talet på utanbygds jegerar utan hund over tid og spesielt dei siste tre åra, blir det innført ei regulering av antal jegerar dei første 15 dagane fordelt på tre 5-dagarsperiodar, dvs. 125 kort i tida 15.09 – 19.09, 125 kort i tida 20.09 – 24.09 og 125 kort i tida 25.09 – 29.09. Dette for å redusere jakttrykket i starten og få fordelt jegerane meir over tid. Frå 30.09 og ut februar blir det fritt kortsal.*
4. *Tilbodet om jaktkort til utanbygds med fuglehund blir vidareført som i dag, med 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 kort i tida 20.09 – 24.09 fordelt på tre jaktfelt.*
5. *For å gje utanbygds med fuglehund eit ekstra tilbod, kan det med grunnlag i kunnskap om årets produksjon bli opna for eit avgrensa dagskortsal seinare på hausten, slik det har vore praktisert dei seinare åra.*
6. *Tildeling av jaktkort til utanbygds med harehund blir vidareført som i dag med 25 kort i tida 11.10 – 17.10, og med fritt kortsal i tida 18.10 – 23.12.*

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

7. *Fjellstyret vil vidareføre bruk av dagskvoter for jakt på rype. Det kan setjast ulik kvote for lirype og fjellrype, og ulik kvote gjennom sesongen, t.d. ei lågare kvote for vinterjakt. Det kan også i enkelte år bli aktuelt å vedta sesongkvote/periodekvote.*
8. *For jakt på andre artar enn rype, skogsfugl og hare, kan det bli jakta på dei artene som det i forskrift frå Miljødirektoratet er gjeve løyve til å jakte på. For alle desse artene er tidlegaste jaktstart den 15. september, med unntak av jakt og fangst på dei artane som det er opna jakt på gjennom ordninga for smårovviltjakt i Vågå.*
9. *Snarefangst av rype er ikkje lov.*
10. *Fjellstyret vil frå neste sesong vurdere å kutte ut bruk av depositum i samband med jaktrapportering blant innanbygds. Dette er m.a. avhengig av om det blir opna for at innanbygds også kan løyse kort på Inatur.*

*Før endeleg vedtak blir forslaget forvarsla på heimesida til fjellstyret, og sendt på høyring til kommunen og til Vågå JFF.*

Det er foreslått ei endring frå førre gongen småviltjakt-opplegget vart revidert (i 2015) som krev høyring i kommunen etter reglane i Fjellova (§23). Det gjeld punkt 3 i vedtaket, der fjellstyret nå har foreslått ei regulering av talet på utanbygds jegerar utan hund dei 15 fyrste dagane. I høyringsbrevet til kommunen blir det også vist til 1. avsnitt i vedtaket, at det kan bli aktuelt å innføre ekstra reguleringar i år med låg produksjon, spesielt for rype. Da kan innskrenking i jakttid bli vurdert, ved t.d. å avslutte jakttida tidlegare. Ei slik regulering krev også uttale frå kommunen etter reglane i Fjellova. Spørsmål om innskrenking i jakttid for ein jaktsesong kan fort skje utover hausten og tett inntil aktuell fredingsdato. Kommunen vart difor bede om å vurdere og gje fjellstyret ei slags «fullmakt» til å kunne ta ei slik avgjerd utan å måtta innhente uttale frå kommunen. Kommunen har behandla forslaget til oppleget for småviltjakta i hovudutvalet for teknisk, landbruk og naturforvaltning i sak 8/2021 og fatta følgjande vedtak:

*Vågå kommune har ingen merknader til forslag til endring av oppleget for småviltjakta, vedtatt i Vågå fjellstyret, sak 41/20.*

*Vågå kommune gjev fjellstyret «fullmakt» til å skrenke inn jakttida på rype dersom bestandsmessige tilhøve taler for at dette bør gjerast.*

Vågå JFF behandla saka på sitt årsmøte 18. februar. Foreininga har ingen merknader til høyringsforslaget. Etter at forslaget vart kjent elles, m.a. på heimesida til fjellstyret, så har det kome inn merknader frå fire ulike utanbygds jegerar, som er kopiert opp og vedlagt saka.

#### *Vurdering:*

Korkje kommunen ved HTLN eller Vågå JFF har merknader til forslaget frå fjellstyret. Innspela frå utanbygds jegerar som jaktar utan hund går på fleire forhold, som t.d. at hytteigarar i Langmorkje bør forfordelast i tildeling av jaktkort i regulert periode, heller setje ei lågare kvote for utanbygds eller dele opp i jaktfelt i staden for å regulere jegere utan hund, moglegheit for å søkje som lag, utsette endringar til neste år osv. Nokre av innspela er det ikkje heimel for etter reglane i fjellova, t.d. dette med å forforde dei med hytte i området. Dei som i folkeregisteret er registrert i ein annan kommune, er definert som utanbygds uansett om vedkomande har hytte i Vågå eller har annan tilknyting til Vågå.

Reguleringa i pkt. 3 skal bli godt nok kjent blant jegerane i god tid før søknadsfristen 1. april, både med bruk av e-post, tekstmeldingar, informasjon på heimesida, hjelp med informasjon frå reiselivsbedriftene osv. Det vil bli lagt opp til at lag kan søkje, med maks. 4-5 jegerar i

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstylene.no

laget. Inatur vil bli brukt i opplegget med søknad, trekking, innkreving av kortpris og kontroll med betalt jegeravgift, slik som mange andre fjellstyre gjer. Provisjonskostnaden med dette er pr. i dag 10 % av kortprisen pluss moms, det same som Inatur tek ved jakt- og fiskekortsal elles.

For om mogleg å få auka innleveringa av jaktrapport frå innanbygds, vart det frå 1998 innført eit depositum (i dag kr. 200,-) og med eit tilgodelappsysten for dei som leverer rapport. Sal av kort til innanbygds har difor skjedd berre «over disk». Innleveringsprosenten har auka, men det kunne gjerne vore betre. Også innanbygds må nå få moglegheit til kjøp av kort på Inatur, men da blir det vanskeleg å nytte depositum og opplegg med tilgodelapp. Sal av kort «på nettet» gjer det derimot enklare å purre på jaktrapportar med bruk av e-post.

### **Innstilling til vedtak:**

For småviltjaktopplegget i Langmorkje statsallmenning meiner fjellstyret generelt at det må leggjast til rette for eit variert og godt tilbod om småviltjakt, både når det gjeld tilbod om kort og jakttid på dei ulike artane. Sidan det for enkelte artar kan vera store årlege variasjonar i produksjonen og dermed bestandsstorleik, slik som lirype og fjellrype, er det viktig for fjellstyret med ei kunnskapsbasert forvaltning basert på fakta om bestandsstorleik i området til kvar tid, og eventuelt innføre ekstra reguleringar i år med låg produksjon.

Fjellstyret vedtek følgjande opplegg for småviltjakta i Langmorkje statsallmenning frå 2021 og inntil vidare:

1. Jakttid og korttypar for innanbygds jegerar med og utan hund blir som tidlegare, dvs. fritt kortsal og med jakttid 15.09 – ut februar for dei utan hund og 15.09 – 23.12 for dei med hund.
2. For innanbygds med hrehund, blir det vidareført det frie kortsalet i tida 15.09 – 24.09 og i tida 01.10 – ut februar.
3. Med bakgrunn i auke av talet på utanbygds jegerar utan hund over tid og spesielt dei siste tre åra, blir det innført ei regulering av antal jegerar dei første 15 dagane fordelt på tre 5-dagarsperiodar, dvs. 125 kort i tida 15.09 – 19.09, 125 kort i tida 20.09 – 24.09 og 125 kort i tida 25.09 – 29.09. Dette for å redusere jakttrykket i starten og få fordelt jegerane meir over tid. Frå 30.09 og ut februar blir det fritt kortsal.
4. Tilbodet om jaktkort til utanbygds med fuglehund blir vidareført som i dag, med 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 kort i tida 20.09 – 24.09 fordelt på tre jaktfelt.
5. For å gje utanbygds med fuglehund eit ekstra tilbod, kan det med grunnlag i kunnskap om årets produksjon bli opna for eit avgrensa dagskortsal seinare på hausten, slik det har vore praktisert dei seinare åra.
6. Tildeling av jaktkort til utanbygds med hrehund blir vidareført som i dag med 25 kort i tida 11.10 – 17.10, og med fritt kortsal i tida 18.10 – 23.12.
7. Fjellstyret vil vidareføre bruk av dagskvoter for jakt på rype. Det kan setjast ulik kvote for lirype og fjellrype, og ulik kvote gjennom sesongen, t.d. ei lågare kvote for vinterjakt. Det kan også i enkelte år bli aktuelt å vedta sesongkvote/periodekvote.
8. For jakt på andre artar enn rype, skogsfugl og hare, kan det bli jakta på dei artene som det i forskrift frå Miljødirektoratet er gjeve løyve til å jakte på. For alle desse artene er tidlegaste jaktstart den 15. september, med unntak av jakt og fangst på dei artane som det er opna jakt på gjennom ordninga for smårovviltjakt i Vågå.
9. Snarefangst av rype er ikkje lov.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

10. Bruk av depositum i samband med jaktrapportering blant innanbygds blir avslutta. Det blir lagt opp til at innanbygds også kan løyse kort på Inatur.

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

*Rett utskrift. Går til:*

Vågå kommune

Vågå JFF v/Bjørn Andre Lusæter

Vågåmo, 05.03.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no